



Leigland Bygg AS
Håvikvegen 93
5643 STRANDVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/13332 - 20/64713

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
14.10.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 428/127 Kvalheim nedre

Tiltak: Mur, levegg og bod
Byggjestad: Gbnr: 428/127
Tiltakshavar: Knut Asle Geitle
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.08.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dei omsøkte tiltaka ligg i strid med byggjegrenser regulert i planen sin pkt. 3.1.2. Det må søkjast om dispensasjon frå byggjegrenser. Søknaden må grunngjevast og nabovarslast.
2. Det står i planen sin pkt. 7.3.2 :

7.3.2 Det kan ikkje førast opp tekniske innretingar med høgde større enn 0,5 m over vegnivå. Dette gjeld også som høgde på plantning og terreng.

Vi ber om utgreiing på at siktforhald er stetta. Vi kan ikkje tilrå plassering av mur 0 meter frå vegkant med omsyn til brøyting og vegvedlikehald.

3. Det er vedlagt samtykke frå eigaren av gbnr 428/128 på e-post for oppføring av bod 0 meter frå nabogrensen. Vi gjer merksam på at samtykke skal gjelde både mur, bod og levegg og signerast. Det er ikkje tilstrekkeleg med samtykke på e-post.
4. Delar av tiltak- mur som ligg 0 meter frå privat veg krev samtykke frå eigaren av gbnr 428/123 Kobbvågen vel, evt. kan det søkjast dispensasjon frå PBL §29-4 avstandskrav.
5. Det ligg to merknader i saka frå eigare av gbnr 428/126 og 428/123, vi kan ikkje sjå at vi har mottatt kopi av svaret eller kommentarar frå søkjar.
6. Teikningar viser ikkje kotehøgde for planering og plassering av tiltaka. Teikningar for mur og levegg skal vere målsatt. Det er ikkje motteke snitt teikningar for mur og levegg.
7. Teikningar viser ikkje materialbruk for muren.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **14.11.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anita Henriksen
Knut Asle Geitle

Eikåsneset 22 C

5131 NYBORG

Mottakarar:

Leigland Bygg AS

Håvikvegen 93

5643 STRANDVIK